

Eksamen

17.11.2023

NOR1211 Norsk hovudmål / Norsk hovedmål

NOR1218 Norsk skriftleg / Norsk skriftlig

NOR1231 Norsk hovudmål / Norsk hovedmål

NOR1238 Norsk skriftleg / Norsk skriftlig



Sjå eksamenstips på baksida!
Se eksamenstips på baksiden!

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Tid	Eksamen varer i 5 timar.
Hjelpemiddel	Hjelpemiddel er til dømes faglitteratur, ordbøker og kalkulator. Du kan bruke alle hjelpemiddel, med nokre unntak: <ul style="list-style-type: none">• Du har berre tilgang til nokre utvalde nettressursar.• Du kan ikkje bruke omsetjingsprogram.• Du kan ikkje bruke hjelpemiddel som gjer det mogeleg å kommunisere. Det betyr at du ikkje kan bruke mobiltelefon, programvare for samskriving, chat eller liknande.• Du kan ikkje bruke automatisk tekstgenerator som chatbot eller tilsvarande teknologi.
Bruk av kjelder	Du må føre opp eventuelle kjelder du bruker i svaret ditt, slik at sensor kan finne fram til dei. Det inneber at du må skrive <ul style="list-style-type: none">• namn på forfattar og tittel på bøker og andre skriftlege kjelder• nettadresse og dato for når du henta informasjonen frå internett Eksamenssvaret ditt blir kontrollert for plagiat. Dersom du ikkje har ført opp kjelder du har brukt, kan det påverke vurderinga av svaret ditt.
Informasjon om oppgåva	Du skal svare på oppgåva i del A. I del B er det tre oppgåver, og du skal svare på éi av dei. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstorleik 12.
Vedlegg	Fridtun, Kristin. «Eg – ein umogleg skapning?». <i>Riv gjerdene</i> , metodemateriale frå Skeiv Ungdom, Riv-Gjerdene.pdf (skeivungdom.no) 2021 (04.10.2023) Garvagh, Charles. <i>The Pilgrim of Scandinavia</i> . 1875. Utdrag, norsk versjon ved Utdanningsdirektoratet DNX. «Med ski og seil», utdrag fra reklame for Mammut friluftsutstyr. <i>D2</i> , 17.02.2023 Annonsørinnhold: Unik tilgang til fjelltopper med ski og seil (dn.no) (04.10.2023) Molven, Rannveig Fern Leite. «Kattene i Kyiv». <i>Vannvokteren</i> . Oslo: Cappelen Damm 2023 Tjønn, Brynjulf Jung. «slutt å spørje kor eg eigentleg kjem frå». <i>Kvit, norsk mann</i> . Oslo: Cappelen Damm 2022 Vy: «Sjekk den utsikten». <i>A-magasinet</i> 21.april 2023
Informasjon om vurderinga	Sjå eksamensrettleiinga med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen. Eksamensrettleiinga finn du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

Nynorsk

Du skal svare på oppgåva i del A og på éi av oppgåvene i del B. Legg merke til at det står ein kommentar under kvar oppgåveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løyse oppgåva.

Del A Kortsvarsoppgåve

Svaret bør ikkje vere på meir enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- «Sjekk den utsikten», reklame for Vy, frå *A-magasinet* 21.april 2023

Gjer kort greie for det du meiner er formålet med den samansette teksten, og forklar korleis etos og patos er brukt.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald i den samansette teksten. Du skal bruke relevant fagspråk og eksempel frå vedlegget.

Del B Langsvarsoppgåver

Skriv nummeret på den oppgåva du vel, og lag overskrift sjølv.

Oppgåve 1

Vedlegg:

- *The Pilgrim of Scandinavia* av lord Charles Garvagh, 1875, utdrag
- «Med ski og seil», utdrag frå ein tekst som reklamerer for friluftsutstyr, *D2* 17.02.2023

Dagboka til lord Garvagh er frå 1875 og har romantiske trekk. Teksten «Med ski og seil» er eit utdrag frå ein reklame for friluftsutstyr frå 2023.

Samanlikn form og innhald i dei vedlagde tekstane, og reflekter over korleis tekstane framstiller forholdet mellom menneske og natur.

Kommentar: Du skal samanlikne både form og innhald i dei vedlagde tekstane. Du skal bruke relevant fagspråk og konkrete eksempel frå vedlegga. Når du reflekterer, skal du bruke kunnskap om tida tekstane er skrivne i.

Oppgåve 2 og 3 finn du på neste side.

Oppgave 2

Vedlegg:

- «Eg – ein umogleg skapning?» av Kristin Fridtun, frå *Riv gjerdene* av Skeiv ungdom, 2021
- «slutt å spørje kor eg eigentleg kjem frå» av Brynjulf Jung Tjønn, frå diktsamlinga *Kvit, norsk mann*, 2022

Skriv ein kreativ tekst der du utforskar og reflekterer over innhaldet i dei vedlagde tekstane. Bruk eksempel frå vedlegga når du skriv.

Kommentar: Oppgåva opnar for ulike løysingar. Det skal kome fram at du har brukt tekstvedlegga, men du kan bruke dei på ulike måtar i svaret ditt. Du kan vise kreativitet gjennom dei innfallsvinklane du vel og måten du bruker språket på.

Oppgave 3

Vedlegg:

- «Kattene i Kyiv» av Rannveig Fern Leite Molven, frå novellesamlinga *Vannvokteren*, 2023

Tolk novella.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald og bruke relevant fagspråk. Bruk konkrete eksempel frå novella når du skriv.

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Tid	Eksamen varer i 5 timer.
Hjelpemidler	<p>Hjelpemidler er for eksempel faglitteratur, ordbøker og kalkulator. Du kan bruke hjelpemidler, med noen unntak:</p> <ul style="list-style-type: none">• Du har bare tilgang til noen utvalgte nettressurser.• Du kan ikke bruke oversettelsesprogrammer.• Du kan ikke bruke hjelpemidler som gjør det mulig å kommunisere. Det betyr at du ikke kan bruke mobiltelefon, programvare for samskriving, chat eller lignende.• Du kan ikke bruke automatisk tekstgenerator som chatbot eller tilsvarende teknologi.
Bruk av kilder	<p>Du må oppgi eventuelle kilder du bruker i svaret ditt, slik at sensor kan finne fram til dem. Det innebærer at du må skrive</p> <ul style="list-style-type: none">• navn på forfatter og tittel på bøker og andre skriftlige kilder• nettside og dato for når du hentet informasjonen fra internett <p>Eksamenssvaret ditt blir kontrollert for plagiat. Hvis du ikke har oppgitt kilder du har brukt, kan det påvirke vurderingen av svaret ditt.</p>
Informasjon om oppgaven	Du skal svare på oppgaven i del A. I del B er det tre oppgaver, og du skal svare på én av dem. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstørrelse 12.
Vedlegg	<p>Fridtun, Kristin. «Eg – ein umogleg skapning?». <i>Riv gjerdene</i>, metodemateriale fra Skeiv Ungdom, Riv-Gjerdene.pdf (skeivungdom.no) 2021 (04.10.2023)</p> <p>Garvagh, Charles. <i>The Pilgrim of Scandinavia</i>. 1875. Utdrag, norsk versjon ved Utdanningsdirektoratet</p> <p>DNX. «Med ski og seil», utdrag fra reklame for Mammut friluftsutstyr. <i>D2</i>, 17.02.2023 Annonsørinnhold: Unik tilgang til fjelltopper med ski og seil (dn.no) (04.10.2023)</p> <p>Molven, Rannveig Fern Leite. «Kattene i Kyiv». <i>Vannvokteren</i>. Oslo: Cappelen Damm 2023</p> <p>Tjønn, Brynjulf Jung. «slutt å spørje kor eg eigentleg kjem frå». <i>Kvit, norsk mann</i>. Oslo: Cappelen Damm, 2022</p> <p>Vy: «Sjekk den utsikten». <i>A-magasinet</i> 21.april 2023</p>
Informasjon om vurderingen	Se eksamensveiledningen med kjennetegn på måloppnåelse til sentralt gitt skriftlig eksamen. Eksamensveiledningen finner du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

Bokmål

Du skal svare på oppgaven i del A og på én av oppgavene i del B. Legg merke til at det står en kommentar under hver oppgaveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løse oppgaven.

Del A Kortsvarsoppgave

Svaret bør ikke være på mer enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- «Sjekk den utsikten», reklame for Vy, fra *A-magasinet* 21.april 2023

Gjør kort greie for det du mener er formålet med den sammensatte teksten, og forklar hvordan etos og patos er brukt.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhold i den sammensatte teksten. Du skal bruke relevant fagspråk og eksempler fra vedlegget.

Del B Langsvarsoppgaver

Skriv nummeret på den oppgaven du velger, og lag overskrift selv.

Oppgave 1

Vedlegg:

- *The Pilgrim of Scandinavia* av lord Charles Garvagh, 1875, utdrag
- «Med ski og seil», utdrag fra en tekst som reklamerer for friluftsutstyr, D2 17.02.2023

Dagboka til lord Garvagh er skrevet i 1875 og har romantiske trekk. Teksten «Med ski og seil» er et utdrag fra en reklame for friluftsutstyr fra 2023.

Sammenlign form og innhold i de vedlagte tekstene, og reflekter over hvordan tekstene framstiller forholdet mellom menneske og natur.

Kommentar: Du skal sammenligne både form og innhold i de vedlagte tekstene. Du skal bruke relevant fagspråk og konkrete eksempler fra vedleggene. Når du reflekterer, skal du bruke kunnskap om tida tekstene er skrevet i.

Oppgave 2

Vedlegg:

- «Eg – ein umogleg skapning?» av Kristin Fridtun, fra *Riv gjerdene* av Skeiv ungdom, 2021
- «slutt å spørje kor eg egentleg kjem frå» av Brynjulf Jung Tjønn, fra diktsamlinga *Kvit, norsk mann*, 2022

Skriv en kreativ tekst der du utforsker og reflekterer over innholdet i de vedlagte tekstene. Bruk eksempler fra vedleggene når du skriver.

Kommentar: Oppgaven åpner for ulike løsninger. Det skal komme fram at du har brukt tekstvedleggene, men du kan bruke dem på ulike måter i svaret ditt. Du kan vise kreativitet gjennom de innfallsvinklene du velger, og måten du bruker språket på.

Oppgave 3

Vedlegg:

- «Kattene i Kyiv» av Rannveig Fern Leite Molven, fra novellesamlingen *Vannvokteren*, 2023

Tolk novella.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhold og bruke relevant fagspråk. Bruk konkrete eksempler fra novella når du skriver.

Sjekk den utsikten

Du ser liksom Norge på en helt annen måte. Alle disse små stedene der folk og dyr bor.

Men mye spennende som skjer på mobilen også, da.

Og like bra for miljøet om man ser på skjerm eller ut av vinduet.



Reis miljøvennlig på din måte
Hver tur teller

A-magasinet 21. april 2023

Vy er eit/et stort norsk togselskap.

The Pilgrim of Scandinavia

Den engelske adelsmannen Charles Carvagh var på fleire reiser i Noreg og fekk mellom anna bygd seg ei «hytte» ved Hallingskarvet. Han gav ut boka «The Pilgrim of Scandinavia» i 1875, og i dette utdraget skildrar han ei reise i Jotunheimen. / Den engelske adelsmannen Charles Carvagh var på flere reiser i Norge og fikk blant annet bygd seg en «hytte» ved Hallingskarvet. Han utgav boka «The Pilgrim of Scandinavia» i 1875, og i dette utdraget beskriver han en reise i Jotunheimen.

– Å! Gleda av å vakne ein morgon, i eit område der tida har større dimensjonar og æva ser ut til å ha byrja! Her har eg levd tilbaketrekt frå verda i fleire månader, og dersom Aristoteles har rett og lukka er noko som mennesket kan nå på jorda, så har eg opplevd det.

Eg har funne lukka og nytt den, åleine, blant desse fjella, som ei himmelsk ro, som ingen andre enn dei som har opplevd det, kan forstå. Men det er umogleg dersom ein ikkje er laga for å ta innover seg roa i den fullkomne einsemda, for sjela ser ut til å kunne flykte frå sitt fengsel når den er høgt til fjells, og eg kan etter kvart vende tilbake frå isolasjonen til eit sivilisert liv med nøkkelen til ein lukkeleg draum.

Eg har sett eit glimt av noko gåtefullt, høyrte evige sanningar bli kviskra. Eg har blitt forført av den storslagne, ville og mektige naturen, slik at eg kunne ta imot oppløfta visdom. Det er ikkje det å klatre til topps på eit fjell for å sjå ei magisk utsikt og så komme tilbake til hotellet sitt; men det å leve og dvele ved den grenselause vidda gjennom lang tid, som gjer det.

Eg kjenner inga større glede enn å rusle over eit område med skare på snøen, som er skarp og blendande kvit. Det er nok dette som fisken må føle når han blir sleppt ut igjen i sitt våte element, eller den fanga fuglen når han blir sett fri; når han på ny kan sveve høgt og klyve langt og vidt omkring i rein luft. For begge desse er det ei flukt frå eit fengsel; og det er den kjensla eg har (men enno ikkje har fanga) når eg går over vidder med kvit, evig, strålande snø. Og når sola, som i Alpane, tindrar guddommeleg over toppane med eit skjær av raudt, skin sjela mi som svar, for eg har levd midt i dette området, og sett, i einsemd, slike storslåtte fenomen.

Utdrag. Omsett/oversatt av Utdanningsdirektoratet

Æva: evigheten

Aristoteles: gresk filosof frå/fra antikken

Med ski og seil

Teksten er eit utdrag frå ein /et utdrag fra en reklame for Mammut friluftsutstyr og turoperatøren Marine Wide, publisert i D2/Dagens næringsliv 17.02.2023.

De aller beste naturopplevelsene får du ved å pakke skibagen og seile til toppturer i Nord-Norge. – Med båt kommer du deg til unike steder du ellers ikke ville hatt tilgang til, sier skientusiastene Vilde Nordli og Ole-Kristian Strøm.

Landskapet er kjent for å være blant de vakreste i verden. Bratte, dramatiske fjell, som stiger opp fra havet, og store værkontraster har tiltrukket friluftsentusiaster fra fjern og nær i mange år. Denne landsdelen har flere, spektakulære naturområder, som står på bucketlisten til mang en friskus lokalt og nedover i Europa. Vilde Nordli og Ole-Kristian Strøm kan betegnes som erfarne friluftsentusiaster, med flere toppturer med ski som ballast i sekken. De var med i et reisefølge på fem som reiste på ski og seil-tur med den bærekraftige turoperatøren Marine Wide. I mars 2022 dro de på tur til Lyngen, nabokommunen til Tromsø.

[...]

Røff start

Med kveldsmørke, kraftig vind og høy sjø fikk reisefølget kjørt seg allerede på første etappe av opplevelsen. Men de kom seg trygt i land og la til kai på Uløya.

– Det var en røff start. Du får kjenne elementene tett på kroppen ikke bare på topptur, men også når du forflytter deg. Jeg følte meg trygg hele veien og følte meg i ett med elementene og at vi mestret dem, og det var veldig gøy, forteller han engasjert.

Vind, snø og tåke var været de våknet opp til på fredagen. Den første fjelltoppen på planen var Uløytinden, og de startet dagen med frokost i båten før reisefølget kledde godt på seg og festet skiene i sekken. De lokale brukte ord som brutalt om forholdene i fjellet, men Vilde, Ole-Kristian og resten av gjengen er godt fjellvante. Med snøføyke og tåke var sikten dårlig, så de

måtte bruke navigasjon for å vite hvor de skulle gå.

– Det som er så fantastisk med været nordpå er at det plutselig snur. Så da vi hadde kommet et godt stykke oppover i fjellet, stilnet vinden og tåken lettet. Det var fortsatt grått og tungt skydekke, men vi hadde plutselig nydelig utsikt og kunne se terrenget vi var i, sjøen og de massive, sorte fjellformasjonene på den andre siden av fjorden.

Det var helt utrolig, sier Ole-Kristian.

– Det er et ellevilt landskap, og det var kult å få utsikten etter å ha kommet litt opp i fjellet.

[...]

Godt fornøyde

Vilde, Ole-Kristian og følget får en time med sol og vindstille, og har truffet rett i forhold til værmeldingen. De nyter hvert minutt av den flotte naturopplevelsen, og er fornøyde med innsatsen de har lagt ned for å få denne nedfarten.

– Da vi skulle ned igjen, møtte vi noen andre ved breen, og da hadde været snudd. De hadde også fått med seg værvinduet, men rakk ikke å komme opp i tide, forteller han.

Alt i alt ble turen en stor opplevelse, til tross for mye vær, dårlig sikt og skredfare i fjellet.

– Fredag og lørdag endte vi opp med å ta kortere turer, og søndagen ble en mer krevende og innholdsrik tur, sier Vilde. – Vi hadde utstyr og bekledning etter forholdene, gjorde nøye research og tok ingen unødig risiko med tanke på skred. Lyngen er et flott område å reise til med båt og utforske, og så fikk vi en kjempeopptur med den ene timen med sol, sier Ole Kristian. [...]

D2/Dagens næringsliv 17.02.2023 <https://www.dn.no/staticprojects/annosorinnhold/mammut/unik-tilgang-til-fjelltopper-med-ski-og-seil/> (04.10.2023) Utdrag

slutt å spørje kor eg egentleg kjem frå

Diktsamlinga Kvit, norsk mann byggjer på forfattar Brynjulf Jung Tjønn sine egne erfaringar som adoptivbarn i Noreg. / Diktsamlingen Kvit, norsk mann bygger på forfatter Brynjulf Jung Tjønns egne erfaringer som adoptivbarn i Norge.

slutt å spørje kor eg egentleg kjem frå
slutt å snakke engelsk til meg
slutt å spørje om eg kan kinesisk
slutt å gjere auga smalare med peikefingrane
slutt å lage sketsjar om japanske gameshow
slutt å snakke tullekinesisk når eg er i same rom
slutt å rope jackie chan etter meg
slutt å late som om du skal slåss karate
slutt å rope skjellsord som kung flu
kinavirus, yellow face, guling
ching-chong-kinamann, kinaekspresen
riskokar, chippere, ling-ling
slutt å måpe når du ser meg gå på ski
slutt å stire på meg når eg går ute saman med kona mi
slutt, slutt, slutt
slutt å minne meg på
det eg ikkje blei

Eg var ein odelsgut
som skulle drive ein gard
som skulle vedlikehalde eit hus og eit fjøs
ein garasje og ei seter
ein traktor og ein forhaustar
som skulle stelle dyr og hauste gras
hogge tømmer og sende dyr til slakt
gå på hjortejakt og plukke bringebær
drikke mjølk og koke smalahovud

men adoptivbarnet fekk det ikkje til
eg blei noko heilt anna
enn det eg blei henta til
eg kjem egentleg frå
garden som mangla arving
eg blei den eg blei
på grunn av eit sagn

Av Brynjulf Jung Tjønn, 2022

Eg – ein umogleg skapning?

Noko av det fyrste eg lærte på barneskulen, var at eg ikkje var heilt normal. Ingen av lærebøkene sa noko om det, ikkje lærarane heller. Det var dei andre elevane som gjorde det klart for meg: Eg var ikkje som dei andre, og eg var i alle fall ikkje som dei andre jentene. Rett nok var det ingen som terga og tynte meg, men det kom nokre små stikk av og til. Som då vi var på skuletur i 6. klasse: eg hadde tatt mot til meg og spurt ein av dei kule skategutane om han ville vera saman med meg. Svaret kom kjapt: «Nei, fy faen, jæ ække homo heller!»

Det var openbert viktig for denne guten å fortelja meg at eg var gutete. Men det visste eg jo frå før. Eg hadde alltid hatt lyst til å vera slik som gutane, likevel hadde det aldri plaga meg at eg hadde jentekropp og jentenamn – men denne kjønnsblandinga mi var tydelegvis plagsam for andre folk. Eg var eit forstyrrende element, eg laga uorden i systemet deira.

Derfor var gleda stor då dei endeleg fekk sett meg i ein bås. Som 16-åring fortalde eg omverda at eg forelska meg i jenter, og då fall bitane på plass, syntest mange: «Ho er lesbisk, derfor er ho gutete!» Då var det greitt, liksom – då passa eg inn i systemet deira: Eg stadfesta den klassiske myten som seier at maskulin kvinne = lesbisk. Men var eg kvinne? Jente, dame?

Etter kvart skjedde det stadig oftare at folk eg ikkje kjende, tok meg for å vera gut. Dei omtala meg som «han», vart mistenksame når eg viste legitimasjon på polet («Men dette kortet tilhøyrer jo ei dame!»), skvatt om eg synte meg inne på offentlege dametoalett. Kva skulle eg seia? At eg faktisk var dame? Det ville vera å ljuga. Fungerande eggstokkar fekk meg ikkje til å kjenna meg som kvinne. Problemet var at eg ikkje kjende meg som mann heller. Eg hadde høyrte om folk som ville «skifta kjønn» (for å bruka det velkjende, misvisande uttrykket), så eg visste at dét var mogleg. Men å kjenna seg som både mann og kvinne, eller ingen av delane, eller noko heilt anna? Eg hadde aldri høyrte om det. Ut frå den kunnskapen eg sat på, var eg ein umogleg, utenkjeleg, uforståeleg skapning.

Først då eg var godt over tjue år, forstod eg at det ikkje var eg som var umogleg, men at nådelause normer fekk meg til å tru at eg var det. Kartet passa ikkje med terrenget, det var derfor eg gjekk meg vill. Orda passa ikkje med verda. Dersom eg sa at eg var transperson og homo, vart folk forvirra: Kva slags kjønn hadde kjærasten min då?

Men eg er glad i ord likevel, til og med ordet norm likar eg. Fordi: Norm (av latin norma) vart opphavleg brukt i tydinga 'vinkel' og 'vinkelmål', altså ein heilt konkret reiskap som handverkarar kan måla og laga rette vinklar med. Ordet normal tyder dermed 'vinkelrett'. Eg likar å tenkja meg at normale folk (dersom dei finst) har retta seg blindt etter ein vinkel, og at dei vandrar rundt som rettvinkla, firkanta vesen – medan eg sjølv er skakk og skeiv og ser verda frå andre synsvinklar.

Av Kristin Fridtun. Frå/fra *Riv gjerdene*, Skeiv Ungdom, 2021

Kattene i Kyiv

Kyiv er hovedstaden/hovudstaden i Ukraina.

Hun slumrer. Lytter etter trinn, etter stemmer. Hun ligger med hodet flatt mot halen, slik at ørene kan fange opp lydene av alt som beveger seg. Hun kan ikke gå glipp av noe. Men hun hører bare lyden av små insekter som summer. Ingen mennesker, ingen hunder. Hun blir værende til fuglene begynner å synges kveldssangene sine. Da reiser hun seg opp, strekker seg, vasker seg litt. Pelsen er tørr og støvete, smaker jord. Uansett hvor mye hun vasker, blir den ikke helt som før.

Et tettere mørke faller over alt som var, alt som fortsatt er. Hun går nedover en bjelke som ligger på skrå, hopper videre ned på murkanten, fortsetter helt til den store steinen som har kommet i stedet for døra som åpnet og lukket seg mange ganger hver dag. Der kunne hun noen ganger smette inn og løpe opp trappene til si dør. Steinen er ennå solvarm. Hun sitter der, i halvskyggen, tenker, skal jeg gå dit trærne er, til de tette buskene der det er skjul, eller skal jeg krysse det store åpne, til husene der det fortsatt er mulig å gå under bakken, ned dit musene har bolene sine. Hun vet ikke. Det er så mange ting hun ikke vet, og hun har fortsatt ikke helt skjønnet dette med jakta, hva som er best. Er dette ei natt for å fange mus, eller vente i en busk til fuglene våkner igjen? Hun vet ikke.

Hun savner stemmene, selv om hun ikke alltid forstod hva de ville. Men hun gjenkjente navnet sitt, og navnet hennes betydde alltid mat, alltid varme. Hun kunne høre stemmen til det minste mennesket uansett hvor hun var, og da skyndte hun seg tilbake. Denne stemmen avgjorde hvor langt hun gikk. Hun måtte alltid holde seg innenfor rekkevidde. Merket hun at den ble uklar, vanskelig å høre, stanset hun, gikk tilbake til hun igjen kunne høre den tydelig. Hun hadde to mennesker, et stort og et mindre. Ei mor og et barn. Men barnet til denne mora var ikke slik som de andre hun møtte ute, hennes barn løp aldri etter henne, forsøkte aldri å holde fast halen hennes. Noen ganger tror hun at hun kan kjenne handa stryke over seg, og hun får en flytende fornemmelse i magen, og noe som stikker. Hun kjenner varmen fra kroppen som holdt henne, lot henne sove oppå seg uten noen gang å bite, men bare laget lave lyder hun

aldri helt forstod. De visste, hun og det minste mennesket, hva den andre ville. Det var et behov i dem begge, ordløst, at de alltid var varme, og alltid trygge, sammen. Hun bare strøk og strøk henne over hodet, over ryggen, sa, pus, pus, pus. Men de er ikke der nå. Det er mange netter sia sist noen ropte navnet hennes.

Hun sitter litt til, mens steinen under henne langsomt avkjøles. Plutselig husker hun lydene. De kom så brått, en slags torden, bare større, og det kom ikke regn. Hun hadde glemte seg, hun vet ikke hvor lenge, men hun glemte seg helt til det hadde vært stille og mørkt så lenge at hun ikke kunne kjenne sulten mer. Da forsøkte hun å bevege seg, men krøp sammen igjen. Alt hadde fått ei anna lukt. Alt det mjuke og varme var borte. Hun krøp innover i kroken, og innover i seg selv, mens hun fløt og fløt gjennom dagene, gjennom nettene.

Etterpå var alt annerledes. Husene hadde åpnet seg. Alt som før var inne i husene, var ute, det var ingen dører som gikk opp og igjen, ingen mennesker. Det gjennomsiktige i veggene var blitt til skarpe små biter, som hun måtte være forsiktig å ikke sette potene på, og alt luktet merkelig, som om alle luktene hun kjente, hadde blandet seg sammen, blitt noe annet.

Hun vil ikke gå til det åpne stedet. Den døde katten er der nok ennå. Den lukter, slik restene av en fugl lukter, den tredje eller fjerde gangen man går forbi, og litt som restene av et bål. Hun vet ikke, men når hun tenker på katten, tenker hun på flammer. Men hun er ikke sikker, hun våget seg ikke helt bort til den, ble stående litt på avstand, forsøkte å samle alle luktene, forstå hva de var.

Hun strekker seg en gang til, og hopper ned fra steinen. Buskene, tenker hun, der kan jeg gjemme meg. Hun krysser vegen. Det er lett nå, det er ingen biler der mer. Før våget hun aldri å gå over til den andre sida. Bilene kom alltid så brått, all støyen overdøvet alt annet, hun klarte ikke å tenke, ble liggende inntil fortauskanten den ene gangen hun forsøkte.

Hun går inn mellom buskene, lirker seg fram for å ikke lage lyd. Små kvister bøyer seg rundt henne, men hun beveger seg så langsomt at det ikke kommer noe lyd. Hun tar et steg, venter, tar et til, venter, helt inn dit det er kjølig, mørkt, inn dit hvor hun forsvinner.

Nå og da rasler det i buskene. Fuglene sover urolig, men det har de alltid gjort, det er ikke noe nytt. Hun hører mjuke steg. Det er mer en følelse enn en lyd. Hun kan ikke se den andre katten, bare fornemmer den, og hun kryper enda mer sammen,

lukker øynene nesten helt igjen. Den er der, står litt. Hun kan kjenne varmen fra kroppen, og hun tror det er en liten katt, den lukter slik små katter gjør.

Fuglene våkner, begynner å synge igjen i trærne og buskene over henne, rundt henne. Hun gjør seg klar, smyger seg litt nærmere der det er en liten klaring. Samtidig som mørket slipper taket, stiger sola, det glitrer rundt henne, alle blader, alle strå, har ørsmå vanndråper på seg, i dråpene kan hun se himmelen over, trærne, skyggene av hus som fortsatt står.

Av Rannveig Fern Leite Molven. Fra/frå novellesamlinga Vannvokteren, 2023

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke til!

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt hvis du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke til!